

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 15.10.2020

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Spørsmål frå Knut Inge Andersen (FNB):

Fylkestinget i Vestland gjorde 9.juni 2020 følgjande vedtak i sak PS550/2020 der bokbåtdrifta av Epos vart vedteken nedlagt:

1. Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket.
2. Vestland fylkeskommune avsluttar bokbåttenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikla mobile bibliotektenester i heile fylket, vert det etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Fylkestinget understrekar at ei slik ordning både skal kunna gje tilskot til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/møteplassar.
3. Fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale og kommunale kulturprosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.

Epos si rute var lagt til små stader langs fjordane i Hordaland. Det var difor desse stadane som ville miste det konkrete tilbodet som Epos representerte. Større tettstader og byar har i større grad eit fungerande bibliotek- og kulturtilbod.

Kan utvalsleiaren gjere greie for arbeidet og framdrifta med vedtakspunkt 1, 2 og 3 og særskilt gjere greie for korleis dei små stadane som før blei dekkja av Epos, no blir ivaretekne mht bibliotek- og kulturtilbod?

Svar:

I følgje Lov om folkebibliotek skal alle kommunar ha eit folkebibliotek leia av ein fagutdanna biblioteksjef. Kommunane er ansvarleg for å gi alle sine innbyggjarar eit godt bibliotektilbod. Drift av folkebibliotek er såleis eit kommunalt ansvar. Fylkeskommunen skal i følgje lova, ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling.

Bokbåten nådde ikkje ut til alle små plassar i Hordaland med behov for eit tilbod som Epos representerte. Fylkeskommunen stimulerer kommunane i Vestland til utvikling av eit godt bibliotektilbod gjennom ulike tilskotsordningar, kompetanseutvikling og rådgiving. Etablering av tilskotsordning for å stimulere til oppsøkande bibliotekverksemd vert følgd opp i framlegg til budsjett for 2021.

Kulturtilbodet på bokbåten i Hordaland var eit samarbeid med DKS (Den kulturelle skulesekken). Målet for DKS er at Vestland fylkeskommune skal formidle kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet til alle elevar i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Ruta til Epos vart stort sett laga i samarbeid med grunnskulen på dei plassane som fekk besøk. DKS vil framleis ivareta kulturtilbodet til elevane på desse skulane.»